

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk Seterkultur
Nummer 1 - april 2000

Vellukka samling på Merket i Valdres

Fagseminaret og årsmøta i Norsk seterkultur og Norsk Gardsost på Merket i Valdres 25.-26.3. samla i alt om lag 40 deltakarar. Etter at Norsk seterkultur hadde sauma i hop programmet og kalla inn til seminar og årsmøte, vart styra i dei to nærskykde organisasjonane samde om å køyre felles årsmøte/ seminar-helg. Og alle tilbakemeldingar tydar på at dette var eit vellukka trekk! Organisasjonane har ein god del felles medlemmar og mykje av den småskala mjølkforedlinga skjer på stolane. Samarbeidet om dette «stoppmøtet» for seterbrukarar og småskala mjølkforedlarar resulterte elles i at ein i løpet av helga kom opp med fleire konkrete idear om vidare samarbeid. Konkret tenkjer ein seg m.a. samarbeid om ymse møte og seminar, representasjonsoppgåver på messer og festivalar og kartlegging av tradisjonelle mjølkprodukt. På ein del område ligg det og til rette for samarbeid med andre «syskenborn» i organisasjonsfloaen.

Innhald:

Leiar	s. 2
Årsmøteomtale	s. 2
Historia om den nedlagde setra	s. 3
Seterstell i Meldal	s. 4
Seterstell i Oppland	s. 5
Foredrag fra årsmøtet	s. 6
Stølsdrifta i Valdres	s. 6
Bjørkebeltet og seterlandskapet	s. 7



Norsk
Seterkultur

”Støladn er valdrisens konkrete forståelse av Paradis”

(Georg Espolin Johnson, prost i Valdres - gjengjeve av Geir Harald Fodnes under Riksantikvaren sitt seterseminar i desember 1999)

Utgreiing om seterbruket i Oppland - status og verkemiddel

Hausten 1999 fekk Oppland fylkeskommune og Fylkesmannen i Oppland i oppdrag frå Riksantikvaren å utgreie i kva grad dagens verkemiddel er eigna til å oppretthalde og utvikle eit berekraftig seterbruk. Samstundes skulle ein koma med framlegg til miljøkrav og evt. verkemiddelendringar. Utgreiinga vil bli presentert i rapportform i løpet av våren, der ein m.a. byggjer på ei spørjeundersøking i to kommunar - Vestre Slidre og Nord Fron. Foreløpige resultat vart presentert på eit seminar i regi av Riksantikvaren før jul - og vil i tillegg bli presentert på seminaret til Norsk seterkultur 25.3.

I spørsmålet om kanalisering av støttemiddel til seterbruket vart det m.a. reist spørsmål om meir differensiering og prioritering mellom dei ulike setersonane. Oppland kan såleis delast i tre sonar, 1. kjerneområde, 2. labile område (nokre sluttar, nokre byrjar) og 3. utkantområde prega av nedlagte setre (men med bygningsmiljø som fortener støtte). Er det realisme i å ”reaktivere” nedlagte bruk?, var det spurt.

Områdetiltaksmidlar og nettverk

Det vart peika på at område-tiltaksmidlane er eit potensiale for planlegging av tiltak i seterområda. I Nord-Trøndelag har ein valt ut aktuelle kulturlandskapsområde ved hjelp av desse midlane, og arbeid som er i gang i Oppdal vart nemnt i denne samanhengen. I Oppdal er nettverksbygging og eit viktig element, når det i desse dagar

blir halde eit møte i regi av den lokale forsøksringen og prosjektleiaren for områdetiltak i kommunen. Her blir elles Budalsprosjektet i Midtre Gauldal kommune presentert - eit prosjekt vi tidlegare har omtala i Seterbrukaren.

Fleire prosjekt vart omtala på seminaret, m.a. Agder-prosjektet, der det er kome fram stor grunneigarinteresse for auka beitehald og medveten innsats for å halde landskapet ope. I mindre grad er det tale om å ta opp att drifta gjennom fullsetring. Det vart frå fleire hald peika på at det lokale engasjementet for miljøverdiane heng i hop med kunnskap. Her kjem landbrukets forsøksringar inn, og dei nye miljøplanane for kvart bruk kan bli viktige for bevisstgjerung om miljøverdiane. På den andre sida vart det og uttrykt otte for at stadig nye pålegg kan slå andre vegen, m.a. kan det gjelde verneprosessar som går føre seg i seterområda. Seterbrukarane kan etter kvart stå overfor så mange krav og begrensingar at det kan bety slutten for seterdrifta.

Det vart frå fleire hald lagt vekt på at tilskotsordningar som område-tiltaka er fleksible og har rom for ulike løysingar. I den samanheng uttrykte representantar for Landbruksdepartementet at større fleksibilitet blir bygd inn ved at forskrifter no blir meir føremålsorientert og mindre regelorientert. Seterforskrifta er for tida under revisjon.

Tilskot, motivasjon og struktur

Det er vel knapt nokon som opprettheld seterdrifta på grunn av setertilskotet, men fleire på seminaret heldt fram at det i allefall har ein ”psykologisk effekt” og gir sjølsagt eit vist økonomisk grunnlag. Både tilskot og samfunnet sitt fokus på seterdrifta har ein motiverande effekt, men - som fleire var innpå - viktigast er kva som skjer elles i landbruket og bygda. Seterbruket kan ikkje sjåast isolert, utviklinga i struktur og bruksstorleik vil spela sterkt inn. Utvikling mot større bruk vil gjera det vanskelegare å oppretthalde seterdrifta. Investeringsvegring i satsing på seterdrifta har ikkje nødvendigvis bakgrunn i negativ haldning til seterbruket, men til jordbruket generelt og framtida for dette.

Både frå miljøside og landbruks-side vart det halde fram eit felles positivt utgangspunkt til setring, der miljøverdiane og dei store produksjonsressursane er basis. Nedlegging av seterdrifta er såleis eit felles trusselbilette, med tap av både miljøverdiane og næringspotensiale.

Det vart gjeve uttrykk for at verneprosessane er kome inn i eit betre spor. Aktiv drift og motiverte brukarar er heilt avgjerande for å ta vare på miljøverdiane. Det beste bør ikkje bli det godes fiende i forvaltninga av miljøverdiane - nye bygg må akseptast på gamle tufter og det må kunne gjødslast, men baa delar på dei rette plassane etter fagleg vurdering.

VI TRENGER VILJE OG VIRKEMIDLER

Det var med stor spenning jeg mottok regjeringas Stortingsmelding nr. 19 "Om norsk landbruk og landbruksproduksjon". Med framtida for norsk melkeproduksjon og seterbruk som utgangspunkt gikk jeg løs på innholdsfortegnelsen. Om melkeproduksjonen fant jeg at man ønsker videreføring av dagens virkemidler, samt utrede nye, for å tilpasse seg markedet, men også ønsket om færre og større enheter.

Men setra? Seterbruket - hva står om det? Nei, ordet seter sto ikke nevnt i innholdsfortegnelsen. - Så begynte jeg å bla og leite i meldinga - under "det multifunksjonelle landbruk", "skog og utmarksprodukter" og "Landbruket som kulturbærer". Men, nei - setra var overhode ikke nevnt. Det sto imidlertid at det er viktig å bevare kulturlandskapet, og "et tilstrekkelig omfang av ekstensive driftsformer som sikrer biologiske verdier, og som drives i samspill med et aktivt landbruk ...". Man kan også lese: "Regjeringen legger vekt på at næringsutøverne i landbruket representerer en ressurs gjennom sin kompetanse knyttet til tradisjonsbåret kunnskap og ferdigheter om drifts- og håndverksteknikker, og jord- og skogsprodukter ..." - Her menes vel seterbrukerne? Men det sto ikke!

Ser ikke Landbruksdepartementet setra som en del av norsk landbruk i framtida? For meg og mange andre er i allefall setring en nødvendig og naturlig del av gardsdrifta. Det er derfor skremmende når jeg i det dokumentet som skal være retningsgivende for utviklinga framover ikke finner setra nevnt med et ord. - Det kan også virke litt skremmende at det

nå er Riksantikvaren, i samarbeid med andre instanser, som arrangerer seminar om forvaltning av seterområdene. Det får en vanlig seterbruker til å føle seg som en historisk etterlevning, verneverdig, gammel og mosegrodd ...!

Jeg som i oppløfta stunder ser på seterdrifta som både framtidretta og bærekraftig. - Jeg påstår til og med at vi som ligger med dyr på setra er viktige ambassadører for det norske landbruket. Vi føler at de som gjester seterfjellet i bil eller til fots setter pris på levende setrer. Det er selvfølgelig gledelig at så mange etater og enkeltpersoner er interessert i seterbruket, men hvorfor er det da ikke nevnt i landbruksmeldinga?

De aller fleste seterbrukerne er små og mellomstore melkeprodusenter. Målet fra styresmaktene og virkemiddelbruken går mot færre og større melkebruk. Dersom det er et ønske å bevare aktiv setring i framtida må det vilje og konkrete virkemidler til i landbrukspolitikken, slik at mulighetene overskygger hindringene. Vi må ikke la kua døye mens grasset gror!

Jorunn Hagen